

Rettleiing - gåveforsterkingsordning

Stortinget har slutta seg til framlegget frå regjeringa om å skipa til ei gåveforsterkingsordning, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014):

”Regjeringen vil innføre en ny, rammestyrte gaveforsterkningsordning for å stimulere til økt privat finansiering av kulturinstitusjonene.

Den rammestyrte ordningen innebærer at staten yter et tillegg på inntil 25 pst. av gavebeløpet ved private pengegaver til kunstinnkjøp til nasjonale og regionale kunstmuseer samt pengegaver for å sette i stand norske museumsanlegg. Regjeringen foreslår en bevilgning på 10 mill. kroner til ordningen i 2014 på kap. 320 Allmenne kulturformål post 85 Gaveforsterkningsordning.

Kulturdepartementet vil utarbeide nærmere retningslinjer som bl.a. beskriver formål, beløpsgrenser og hvilke mottakere og givere som omfattes av ordningen.

Dersom statens tillegg ligger an til å overstige bevilgningen til formålet, vil Kulturdepartementet justere forsterkningsprosenten og/eller opprette en køordning.

Det legges opp til en enklest mulig administrasjon av ordningen. Kulturdepartementet vil forvalte ordningen det første året.”

Kulturdepartementet har utarbeidd retningslinjer for ordninga, *Retningslinjer om forsterking av pengegåver til kunstinnkjøp til nasjonale og regionale museum med kunstsamlingar og pengegåver for å setja i stand norske museumsanlegg* av 10.02.201.

Som rettleiing for potensielle mottakarar til ordninga gjer Kulturdepartementet tilgjengeleg følgjande merknader til punkta i retningslinjene:

Merknader til punkt 1 *Vilkår for gåveforsterking*

Punkt 1 gjer nærare greie for dei mottakarane og gjevarane ordninga femner om, og kva vilkår som må vera oppfylte for at ei gåve fell inn under ordninga. Alle vilkåra i punkt 1 lyt vera oppfylte.

Nærare om 1 a)

Det vil vera råd å samla gåver frå fleire gjevarar for å løysa ut gåveforsterking.

Nærare om 1 c)

Musea som får driftstilskot over statsbudsjettets kap. 328, post 70 Det nasjonale museumsnettverket vil i 2014 utgjera 65 konsoliderte museumseiningar over heile landet.

Samiske museum fell òg inn under ordninga for gåveforsterking. Det er Sametinget som har forvaltningsansvaret for dei samiske musea i Noreg. Dei samiske musea er konsoliderte i 6 større museumseiningar, som mottek driftstilskot frå Sametinget.

Det vil vera i alt 72 museumseiningar som oppfyller 1 c) i 2014.

Merknader til punkt 2 Korleis gåveforsterkinga skal nyttast

Punkt 2 strekar under at gåveforsterkinga berre skal nyttast til prosjekt som fell inn under føremålet definert i punkt 1 e). Så lenge dette kriteriet er oppfylt, vil det vera høve til å nytta gåveforsterkinga til eit anna prosjekt enn det gåva har vorte nytta til.

Døme: Museum X mottok gåve på kr 200 000 til innkjøp av kunstverk Y. Museum X bruker gåveforsterking på kr 50 000 til oppgradering av universell utforming i ein av bygningane ved museet.

Merknader til punkt 3 Forvaltninga av gåveforsterkingsordninga

Det vert lagt vinn på å administrera ordninga på enkelt vis.

2014 er eit forsøksår, og ordninga kan verta revidert på bakgrunn av dei røynslene ein haustar i år.

Kulturdepartementet har lagt særleg vekt på enkelt rapportering, jf. punkt 5 og 6.

Merknader til punkt 4 Saksførebuing og utbetaling

Nærare om 4 c)

Mottakar og gjevar(ar) kan avtala at museet sjølv skal avgjera korleis punkt 2 skal etterlevast. Informasjon om korleis punkt 2 skal oppfyllest, må i alle tilfelle følgja søknaden.

Nærare om 4 d) og 4 e)

Innhaldet i avtala med omsyn til 4 d) og 4 e) har ikkje noko å seia for oppfylling av vilkåra for gåveforsterking.

Søknaden skal merkjast "gåveforsterking" og adresserast til postmottak@kud.dep.no eller Kulturdepartementet, Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo

Merknader til punkt 5 Mottakaren si forvaltning av gåva og gåveforsterkinga

Musea som kjem inn under ordninga, med unnatak av dei samiske musea, sender kvart år årsmelding og revidert årsrekneskap til Kulturdepartementet i samband med den årlege budsjettsøknaden. Omtale i denne rapporteringa vil gje fullnøyande informasjon om forvaltninga av gåva og gåveforsterkinga, sjå elles punkt 6 under.

Når det gjeld samiske museum som mottok gåveforsterking, kan desse senda Kulturdepartementet kopi av den rapporten dei ordinært sender til Sametinget.

Merknader til punkt 6 Rapportar, revisjon og kontroll

Nærare om rapportering

Musea som fell inn under ordninga, med unnatak av dei samiske musea, sender kvart år årsmelding og revidert årsrekneskap til Kulturdepartementet i samband med den årlege budsjettsøknaden. Dei samiske musea rapporterer til Sametinget.

I retningslinene for driftstilskot frå Kulturdepartementet vert det streka under at alle offentlege tilskot skal spesifiserast i årsrekneskapen med sum og namn på tilskotsytaren. Dette kravet vil òg gjelda gåveforsterking.

Kulturdepartementet legg til grunn at spesifisering av gåve og gåveforsterking i årsrekneskapen og ein kort tekstomtale om måloppnåing i årsmeldinga vil utgjera effektiv og fullnøyande rapportering om motteken gaveforsterking, jf. kriterium om føremål i punkt 1 f) og punkt 2.

For samiske museum, tilrår Kulturdepartementet at det vert gjeve eit tilsvarende krav om omtale i årsmelding og årsrekneskap. Det vil innebera at samiske museum som mottek gåveforsterking må senda Kulturdepartementet kopi av den rapporten dei ordinært sender til Sametinget.

Kulturdepartementet legg til grunn at revisoren åt mottakaren vert gjort kjent med retningslinene for gåveforsterkingsordninga.

Nærare om kontroll

Stortinget har gjeve forvaltninga eit generelt pålegg om å føra kontroll med tilskot til offentlig eller privat verksemd som elles ikkje er underlagd statleg kontroll, jf. § 10 2. leden i Stortingets løyvingreglement. Føreseigna lyder:

”Ved tilskudd eller lån til offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt statlig kontroll, skal det tas forbehold om adgang for tilskuddsforvalteren til å føre kontroll med at midlene benyttes etter forutsetningene.”

Merknad til punkt 7 Krav om tilbakebetaling

Føresegnene under punkt 7 er i samsvar med dei krava som vert stilte ved alle andre tilskot frå Kulturdepartementet.

Merknad til punkt 8 Klagerett

Føreseigna om rett til å klaga følgjer ordinære reglar om saksførebuing.